



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
11.03.2016
Dykkar dato
18.02.2016

Vår referanse
2007/284 - 562
Dykkar referanse

Feios Kraftverk AS
Røysavegen 1
6893 Vik i Sogn

Feios Kraft AS – løyve til dumping av tunnelmassar ved Håastrondi i Vik kommune

Fylkesmannen gir Feios Kraftverk AS løyve etter ureiningsregelverket til dumping av steinmassar i sjøen ved Håastrondi i Vik kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må vere starta opp innan tre år.

For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyvet, må det betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad frå Feios Kraftverk AS datert 18.02.2016 og opplysningar elles som har kome fram gjennom andre dokument i saka.

I samband med at det skal drivast krafttunnel og byggjast ny kraftstasjon ved Håastrondi i Feios, har Feios Kraftverk AS søkt Fylkesmannen om løyve til dumping av inntil 110.000 m³ overskotsmassar i sjøen. Dumpinga skal utførast frå land. Det er også søkt om utsleppsløyve for anleggsdrifta inkludert tunneldriving.

Med heimel i § 11, jf. § 16 i lov om forurensningar og om avfall (ureiningslova), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Feios Kraftverk AS løyve til dumping av steinmassar i sjøen ved Håastrondi i Vikkommune. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i tre år. Dersom tiltaket ikkje vert starta opp innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.

Fylkesmannen vurderer at Feios Kraftverk AS ikkje treng løyve etter ureiningslova til sjøve anleggsdrifta, jf ureiningslova § 8, 1.ledd nr.3. Tiltakshavar har likevel eit sjølvstendig ansvar for å setje i verk tiltak slik at det ikkje skjer ureining i strid med § 7 i ureiningslova, og at avfall vert handtert i samsvar med lov og forskrifter.

Vilkår for løyvet

1. Tunnelmassane skal, så langt det er råd, nyttiggjerast til t.d. skogsbilveggar og tilsvarande tiltak
2. Tiltaket skal utførast innanfor området det er søkt om.
3. Tiltaket skal, grunna vandring av smolt og laks, så langt som mogleg utførast om vinteren.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

4. Det skal nyttast siltgardin under dumpearbeidet slik at finpartiklar og plast ikkje blandar seg i vassmassane.
5. Tiltaket skal overvakast ved turbiditetsmåling. Grenseverdi for turbiditet vert set til 5 NTU over turbiditeten på ein referansestasjon i eit upåverka område så nært tiltaksområdet som mogleg. Dersom turbiditeten overstig grenseverdien, må arbeidet stansast. Det må då setjast i verk naudsynte tiltak, både for å finne årsaka til overstiginga, og for å bringe turbiditeten tilbake på stabilt nivå under grenseverdien. Dersom sjøen utanfor siltgardina vert visuelt blakka, bør arbeidet stansast inntil naudsynte tiltak er gjennomførde, eller normalsituasjonen er gjenoppretta
6. Observasjonar av visuelt blakka vatn og resultatata frå turbiditetsmålingar skal loggførast.
7. Dersom det oppstår unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessige følgjer, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.
8. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gang.
9. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert i opp mot dei vilkåra som er sett i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført, og han skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk er brukt til nyttige formål og kor mykje som er dumpa i Sognefjorden (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane i sjø (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
 - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk
 - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg

Omtale av tiltaket

Feios Kraftverk AS søker om å få dumpe inntil 110.000 m³ steinmassar i sjøen ved Håastrondi i Vik kommune. Føremålet med dumpetiltaket er å verte kvitt overskotsmassar frå driving av krafttunnel. Dumpinga skal utførast frå land. Metoden som er mest aktuell for utbyggjar, er å tippe steinmassane frå utløpsstunnelen og direkte i sjøen.

Den aktuelle staden for dumping av steinmassane er Røynesvaet som ligg like vest for tømmerkaaien ved Håastrondi. Det er usikkert kor stort areal som vil verte dekkja av massane sidan fjordsida har fall på 60-70 grader på dumpestaden, og massane difor vil rase ukontrollert nedover.

Influensområdet for Feios Kraftverk omfattar areal både på land og i sjøen. Influensområdet for eit masedeponi i fjorden strekkjer seg frå dumpeområdet og nedover fjordsida til botnen på om lag 1000 m djupne. Området vil truleg strekkje seg i ein radius på 2,5-3 km frå utsleppsstaden.

Den totale anleggstida er berekna til 2,5-3 år. Sjølve arbeidet med driving av krafttunnelen vil ta noko kortare tid, dvs. om lag 20 månader.

Omtale av saksgangen

I 2006 søkte Feios Kraftverk AS Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om konsesjon til å utnytte vasskrafta frå Feiosvassdraga.

I den opphavlege søknaden var det planlagt at kraftstasjonen skulle ligge i fjell, og at avløps- og tilkomsttunnel skulle ha utløp til Feioselvi. Tunnelmassane skulle deponerast i to separate område på land: Det skulle etablerast ein massetipp i skogen på nordsida av vegen som går opp Åfetdalen som skulle romme om lag 175.000 m³ stein og dekke eit areal på 45 dekar. Resten av steinmassane, ca. 200.000 m³, ville bli brukt til å planere 16,5 dekar jordbruksareal nedanfor garden på Berdal. For å redusere anleggstrafikken i tettstaden Feios, vart planen endra slik at kraftstasjonen med avløps- og tilkomsttunnel skulle flyttast

ned til sjøen ved Håaneset og med ein tipp i sjøen berre få meter frå tunnelopninga slik at tunnelmassane kunne dumpast rett i fjorden.

8. mars 2013 vart det ved kongeleg resolusjon gitt løyve til bygging av Feios Kraftverk, utan at det i konsesjonsvilkåra vart sett krav til korleis steinmassane skulle handterast.

5. juli same år søkte Feios Kraftverk AS NVE om planendring for Feios Kraftverk. Planendringa innebar flytting av kraftstasjon, tilkomsttunnel og avløpstunnel til området like vest for tømmerkaien på Håastrondi, om lag 1,5 km vest for staden det først vart gitt konsesjon til. Kraftstasjonen skal framleis ligge inne i fjellet. I samband med planendringa fekk Feios Kraftverk AS Multiconsult til å utarbeide ei tilleggsutgreiing om kva miljøkonsekvensar ei slik planendring kan føre til.

Fylkesmannen var på synfaring saman med Sognekraft den 22.10.2014, og vart då vist dumpestadene. Her ligg også den planlagde utløpsstaden for vatn frå kraftstasjonen.

NVE kom i brev av 26.06.2015 til Olje- og energidepartementet (OED) med sin innstilling til søknaden om planendring. I brevet skriv NVE at «etter en helhetlig vurdering anbefaler NVE planendringen. NVE mener at tunnelmassene i størst mulig grad bør brukes til veibygging eller annet nytteformål. NVE anbefaler likevel at det gis tillatelse til å deponere de resterende massene i sjøen, under forutsetning om/av at det gjennomføres avbøtende tiltak».

17.02.2016 gav Miljødirektoratet samtykke etter § 32 i ureiningslova til anna disponering av overskotsmassar i samband med utbygging av Feios Kraftverk.

Høyring

Fylkesmannen fekk framlegget til utgreiingskrav for massedeponi i Sognefjorden på høyring i tida 10.07.2013-19.08.2013. Feios Kraftverk AS sende sin søknad om planendring på høyring 05.08.2014, saman med tilleggsutgreiinga frå Multiconsult. Vi finn at ei ny høyring med den eksisterande kunnskapen om korleis dumping av tunnelmassar og etablering av sjødeponi vil kunne påverke naturmiljøet, ikkje vil føre meir informasjon inn i saka. Fråsegnene som kom inn tyder på at spørsmålet om sjødeponi er godt nok varsla til å kunne handsame saka no. Vi har også vore i kontakt med Sognekraft / Feios Kraftverk om dette. Vi vurderte difor at høyring etter kapittel 36 i ureiningsforskrifta ikkje var naudsynt.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for avgjerda

Feios Kraftverk AS søker om utsleppsløyve for anleggsdrifta. Dei søker også om løyve til dumping av tunnelmassar i sjø.

I følgje ureiningslova § 7 er det forbode å setje i verk noko som kan føre til fare for ureining, men etter søknad, kan Fylkesmannen gi løyve til slik aktivitet i medhald av §11 jf. §16 i lova.

Ureiningslova § 8.3 gir unntak frå ureiningsforbodet for alle typar mellombels anleggsdrift der ureininga vert rekna som «vanleg». Tiltak som t.d. tunneldriving med utslepp av borevatn som varer opptil 2-3 år, kan handsamast etter denne paragrafen. Vi vurderer difor at Feios Kraftverk AS ikkje treng løyve etter ureiningslova § 11 til sjølve tunneldrivinga.

Tiltakshavar har likevel eit sjølvstendig ansvar for å setje i verk tiltak slik at det ikkje vert ureining i strid med § 7 i ureiningslova, og at avfall blir handtert i samsvar med lov og forskrifter. Fylkesmannen kan ta spørsmålet om løyveplikt for tunneldrivinga opp til ny vurdering dersom utsleppet viser seg å få vesentlege skadeverknader som vi ikkje har oversikt over i dag.

Ved dumping av avgangsmassar frå tunneldrift i sjø, vil finpartiklar, som kan føre til skade på fisk, verte tilførde og spreidde. I tillegg vil delar av sjøbotnen verte nedslamma og det er fare for spreining av ev. ureining. Det siste vil berre vere aktuelt dersom det er påvist ureina sediment på dumpestadene.

Steinmassar frå tunneldrift, som ikkje vert nyttiggjort, dvs. ikkje vert nytta til andre føremål som vegbygging, utfyllingar osv., er å rekne som næringsavfall. Dumping av slike steinmassar frå land, der føremålet er å «bringe dei av vegen», krev løyve etter ureiningslova § 11, jf. § 32. Fylkesmannen er ureiningsstyresmakt etter § 11 medan Miljødirektoratet må gi samtykke til slik «anna disponering» etter § 32.

Miljødirektoratet ga 17.02.2016 slikt samtykke, men dette vedtake kjem ikkje i staden for eit løyve etter ureiningslova § 11.

Tiltaket skal i tillegg også vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova og etter § 12 i vassforskrifta.

Fylkesmannen sine vurderingar tek først og fremst utgangspunkt i Multiconsult si tilleggsutgreiing av 22.05.2014 og NVE si innstilling til OED av 26.06.2015.

Ved avgjerda om det skal gjevast løyve, har vi lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil kunne føre til.

Ureiningssituasjonen

Tiltaket som det er søkt om, er i følgje Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment, klassifisert som eit stort tiltak dvs. at mengd massar som det er søkt om dumpeløyve for, er større enn 50.000 m³.

Sjøbotnen i dumpeområdet består truleg av bart fjell, kanskje med eit tynt lag med stadeigne lausmassar. Tiltaksområdet er ikkje undersøkt med omsyn til om det kan finnast tungmetall eller andre miljøgifter i ev. sediment. Ut frå kva vi kjenner til av tidlegare aktivitet i området, er det lite truleg at sjøbotnen er ureina. Ureiningspotensialet er difor knytt til spreining av finpartiklar

I anleggsfasen kan vi rekne med at det vert sleppt ut partikulært materiale til sjø. Sidan massane frå tunneldrivinga er tenkt tippa direkte i sjøen frå utløpstunnelen, vil dei mest sannsynleg rase nedover fjordsida til dei stoppar på botnen. På ferda mot botnen vil finpartiklane i massane bli skilde frå, og på grunn av straumen i området kan dei bli spreidde over eit stort område. I følgje modellen som Multiconsult nyttar, vil inntil 25 % av sprengingsvolumet, avhengig av type bergart, bestå av partiklar som er mindre enn 4 mm i diameter. Denne fraksjonen vil då grovt rekna utgjere ca. 27.000 m³. Mengda av endå mindre partiklar er også avhengig av bergartstypen, og ein reknar med at minst 5 % av volumet vil vere partiklar med diameter mindre enn 0,1 mm, noko som til saman vil utgjere ca. 5.500 m³.

Kor fort ein partikkel søkk til botnen, vil vere avhengig av diameteren og tettleiken til partikkelen og tettleiken og viskositeten til mediet (sjøvatnet). Søkkjehastigheita vil variere med kvadratet av diameteren til partikkelen, føresett at alle andre parametarar er like. Det vil seie at små partiklar vi ha vesentleg lågare søkkjefart enn større partiklar, og at dei difor vil kunne spreiaast mykje meir effektivt. Kor langt finpartiklar kan verte ført før dei sedimenterer, er også avhengig av kor sterk straumen er i området. Med ein straum på 2,5 cm/s vil partiklar mindre enn 0,1 mm kunne bli førde 2,5 km før dei når botnen. Straummåling frå andre lokalitetar langs sørsida av Sognefjorden viser at straumen, i alle fall i dei øvre vassmassane, vil kunne vere høgare enn verdien nytta i utrekningsmodellen. Sidan det ikkje er gjort strammålingar i dumpeområdet, er det difor vanskeleg å seie noko om kor langt dei minste partiklane vil bli førde med vassmassane før dei når botnen. Eit stort, ikkje definert område kan difor verte tilslamma, med dei konsekvensar dette kan få for fjordbotnen lokalt.

Tunnelmassane vil i tillegg til finstoff, innehalde sprengstoffrestar (nitrat og ammonium) og plastmateriale (leidingar osv.) frå tenningsystema. Ved dumping i sjøen, vil plastrestar kunne flyte opp til overflata med ein gong. Desse vil kunne fangast opp ved hjelp av lenser. Nitrogensambindingane vil føre til auka tilførsle av nærings salt, men desse vil raskt bli fortynna i vassmassane og er ikkje venta å ha varig effekt.

Borevatnet frå tunneldrivinga vil i tillegg til finstoff innehalde oppløyste sprengstoffrestar. Borevatnet kan også innehalde oljerestar som stammar frå anleggsmaskiner.

På land vil det kunne vere nokre ulemper knytte til støv frå verksemda.

Avbøtande tiltak og overvaking

I samband med dumping av sprengde steinmassar i sjøen, vil finpartiklar kunne spreie seg over eit stort område i vassmassane. For å avgrense skadeeffektane av tiltaket, vert det difor sett som vilkår at det skal nyttast siltgardin rundt dumpeområdet for å hindre spreining av finpartiklar i den øvre delen av vassøyla. Effekten av ei siltgardin må då overvakast med turbiditetsmålingar og visuell inspeksjon. Dersom det er sterk straum i sjøen, kan det verte vanskeleg å få til eit godt resultat med bruk av siltgardin. Ei slik gardin vil i tillegg berre kunne hindre spreining av finstoff i dei øvre vasslaga og ikkje nedover i djupna.

Det har også vore vurdert andre typar tiltak for å hindre massane i å rase nedover fjordsida. Dette omfattar t.d. dumping av massane frå splittlekter, eller å føre dei gjennom røyr mot botnen. Vidare har det vore diskutert å etablere deponi med støttemur frå lekter. Utbyggjar har vurdert desse framlegga til ikkje å vere aktuelle fordi dei vil verte for kostnadskrevjande.

Eit anna tiltak som er føreslege for å hindre spreining av finpartiklar, er å spyle eller tilsetje vatn til massane før dei vert dumpa. På den måten vil ein del av finstoffet bli vaska ut og luftbobler vil bli fjerna slik at finstoffet som vert att i massane, vil følgje lettare med ned i djupet. Ved denne metoden vil ein kunne få ei utfordring med å verte kvitt utvaska finstoff.

Plastrestar frå tenningssystema nytta ved sprenging, vil stige mot overflata og kan effektivt samlast opp ved hjelp av lenser.

I tilleggsgutgreiinga frå Multiconsult går det fram at aktuelle føreslegne avbøtande tiltak ikkje vert vurderte som tilstrekkelege for å hindre påverknad frå ukontrollert dumping, men at slike tiltak truleg vil kunne verke tilfredsstillande dersom eit sjødeponi vert etablert på ein kontrollert måte.

Det må uansett setjast i verk tiltak som hindrar utslepp av finstoff, sprengstoffrestar og oljerestar frå borevatnet frå tunneldrivinga. Sedimentasjonsbasseng, sandfag og oljeutskiljar er vanlege tiltak for dette. I tillegg må det jamleg takast prøvar for å overvake mengd finstoff og konsentrasjonen av olje i avløpsvatnet.

Vurdering etter vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for å fastsetje miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Tiltaket er vurdert i samsvar med § 12 i vassforskrifta. Området der det er søkt om dumping høyrer inn under vassførekomsten 0280020100-1-C Sognefjorden, som er karakterisert som «Beskytta kyst/fjord» (www.vann-nett.no). Den økologiske tilstanden i vassførekomsten er klassifisert som «god», og den kjemiske tilstanden oppnår «god».

Vassførekomsten Sognefjorden høyrer inn under vassområde Ytre Sogn i vassregion Sogn og Fjordane. Dette er ein svært stor resipient med generelt god miljøtilstand. Mindre område kan ha noko redusert miljøtilstand t.d. lokalt i småbåthamner og med fortynna utslepp frå industristadene lenger inne i fjorden. Det er ikkje registrert kjende påverknader som er venta å endre tilstanden framover. Etter vår vurdering er det ikkje noko som tyder på at tiltaket det er søkt om vil føre til endring av tilstandsklassen til vassførekomsten totalt sett, men dumping av steinmassar i fjorden vil ha klårt negativt effekt på den økologiske tilstanden i sjølve dumpeområdet. Aktiviteten skal gå føre seg innanfor grensa for den nasjonale laksefjorden i Sognefjorden, men det er stor avstand til nærmaste nasjonale laksevasdrag. Vi reknar difor ikkje med at tiltaket kjem til å påverke villaksen i nemnande grad.

Vurdering etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12) skal leggjast til grunn i offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet. Dette inneber at avgjerder skal byggjast på eit vitskapleg kunnskapsgrunnlag, avgjerder skal ivareta eit føre-var-prinsipp, og ein påverknad skal vurderast i samanheng med den samla belastninga som eit økosystem vert utsett for. Dumping av massar vil påverke det marine miljøet ved at leveområde vert dekkja over. I tillegg vil organismar som er spesielt kjenslevare overfor suspenderte partiklar, kunne ta skade av tiltaket. Nokre av vurderingane etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova høyrer meir heime under handsaminga etter vassressurslova. Fylkesmannen skal i utsleppssaka vurdere prinsippa i naturmangfaldlova opp mot den delen av dumpinga som gjeld ureining.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Tilleggsutgreiinga frå Multiconsult datert 22.05.2014 er i hovudsak basert på eksisterande informasjon. Utanom ei synfaring 22.11.2013, er det ikkje gjort nye undersøkingar.

Sjøbotnen er kartlagd ned til 50 m djupne. Det er ein viktig hummarlokalitet (NT) i nærområdet til Røynevaet. Førekomstar av ulike naturtypar er elles ikkje kartlagde, og botntilhøva og botnsubstratet i fjorden er generelt lite kartlagde når det gjeld dyreliv og naturtypar. Havforskningsinstituttet har tilrådd at det vert utført oppfølgjande undersøkingar av naturtypar og dyreliv. Etter vår vurdering er eventuelle vilkår om slike undersøkingar av sjøbotnen likevel mest aktuelt å knytte opp til ein konsesjon etter vassressurslova.

I følgje Multiconsult er det ikkje mogleg å etablere ei stabil fylling når hellinga er så bratt. Slik utrasing vil, i følgje Multiconsult, i liten grad påverke Sognefjorden som spesiell naturtype. Vi stiller spørsmål ved denne vurderinga sidan Multiconsult i rapporten også seier at ei utrasing av massane vil kunne ha store negative konsekvensar for djupvassmiljøet lokalt. I konsekvensutgreiinga for marin flora og fauna, vurderer Multiconsult alternativet med dumping i sjøen til å ha middels til stort negativt omfang på marin flora og fauna i anleggsfasen, og lite negativt omfang i driftsfasen. Med stor verdi gir dette stor negativ konsekvens i anleggsfasen og liten negativ konsekvens i driftsfasen.

Fylkesmannen meiner at det er nokre manglar i den miljøfaglege utgreiinga. Vi vurderer likevel at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for naturmangfaldet i sjølve utsleppssaka er oppfylt.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Sidan vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensar for naturmangfaldet i sjølve utsleppssaka er oppfylt, er ikkje føre-var-prinsippet aktuelt å vurdere nærare.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

I løpet av dei seinare åra har det vorte gitt fleire løyve til dumping av steinmassar og utslepp av borevatn frå krafttunnelar i området. Dette gjeld Bjåstad, Lidal og Romøyri kraftverk i Fjærlandsfjorden, Eitrenselvi i Balestrand kommune og Eitreelvi i Vik kommune. Skilnaden på desse tiltaka og Feios Kraftverk, er at tiltaka på desse stadene omfattar mindre massevolum, og at det ikkje er råd å deponere tunnelmassar på land i desse områda. Ut frå omsynet til den samla belastninga av økosystema i denne delen av Sognefjorden, bør tunnelmassane så langt det er mogleg nyttiggjerast til t.d. vegar.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltakshavar må uansett dekke kostnadene med etablering av avbøtande tiltak som fungerer. Det er tiltakshavar sitt ansvar å ta kostnaden ved ei miljøforsvarleg dumping av tunnelmassane. Alternativet for tiltakshavar vil vere å finne samfunnsnyttig bruk av massane. Kostnader ved eventuelle avbøtande tiltak er også tiltakshavar sitt ansvar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode

For å avgrense skadeeffektane av dumpinga av steinmassar, gjer Multiconsult framlegg om følgjande tiltak som gjeld naturmiljøet i fjorden:

- Etablering av siltgardin rundt dumpestaden i fjorden. Dette vil redusere spreining av partiklar i øvre del av vassøyla og dermed avgrense den totale spreininga.
- Avlufting av tunnelmassane ved å tilsetje vatn. Då vil finmassane i mindre grad innehalde luft og falle raskare mot djupare vatn. Mengda av finstoff blir også redusert.

Erfaringar frå andre stader i Sognefjorden (m.a. Romøyri i Fjærlandsfjorden) tilseier at den strie straumen i området kan gjere det vanskeleg å ha ei fullt ut fungerande siltgardin i dette området. Den beste løysinga vil såleis vere å nyttiggjere tunnelmassane så langt det er råd.

Heilskapleg vurdering

Feios Kraftverk AS har fått konsesjon etter vassressurslova fordi produksjonen i kraftverket vil gi eit verdfullt tilskot av fornybar energi. Det er rekna ut at utbygginga vil gi ein gjennomsnittleg årsproduksjon på nærare 100 GWh.

Tiltaket vil truleg ikkje få direkte innverknad på folketalsutvikling, bustadbygging eller helsetiltak i Feios. Vik kommune vil få skatteinntekter frå kraftverket.

Fylkesmannen meiner det er viktig å finne gode løysingar på det som enno er uavklart handtering av overskotet av tunnelmassar.

I NVE si innstilling til OED går det fram at fleire partar kommenterer behovet for massar til vegbygging, og Feiosprosjektet anslår behovet til å vere om lag mengda som skal takast ut frå kraftstasjonsområdet. Feios Kraftverk AS har uttrykt at dei ønskjer å finne føremål der massane kan nyttast direkte og dei vil ta kontakt med ulike interessentar for å undersøkje om massane kan nyttast direkte i pågåande vegprosjekt eller om dei kan mellomlagrast i påvente av nært føreståande prosjekt.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at tunnelmassane i størst mogleg grad bør brukast til vegbygging eller andre nytteføremål. Med bakgrunn i opplysningar som har kome fram i søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av kva samfunnsmessige fordelar og miljømessige ulemper tiltaket vil føre med seg, har Fylkesmannen likevel kome fram til at vi kan gje løyve etter ureiningslova § 11 til dumping av steinmassar ved Håastrondi ved Feios i Vik kommune.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknaden om løyve er omfatta av ei gebyrordning jf. kapittel 39 i ureiningsforskrifta. Vi varslar med dette at Feios Kraftverk AS skal betale eit gebyr på kr 21.500,-.

Dersom vi ikkje får merknad til vedtaket innan tre veker, vert faktura for innbetaling til statskassa send frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølvs om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjing av løyvet/vedtaket

Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjinga vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. å klage på vedtaket. Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta. Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Klima- og miljødepartementet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post:

Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Norges vassdrags- og energidirektorat
Vik kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Forum for Natur og Friluftsliv